

Vedlegg til søknad om bygging av redskapshus/driftsbygning på Vefjell Gard.

Me tok opp igjen drifta på garden i 2014, etter at den hadde lagt brakk sidan slutten av 70-talet. Me har fått gjort mykje på garden, blant anna bygd nytt våningshus som sto ferdig i 2015. Pr.dags dato har me 23 vinterfora sau og 19 vinterfora geiter på garden.

Me har i løpet av åra opparbeid oss sakte men sikkert, og me har måtta anskaffa oss ein del utstyr/redskaper for drifta. Dette er dyrt utstyr, og står i dag lagra rundt om på heile garden.

Me har òg planar om å restaurere det gamle uthuset på garden, men ser at me då må ha ein plass til å sette inn dei tinga som står der for midlertidig lagring. Dette tenkte me også at redskapshuset kan nyttast til.

Med å få opp dette bygget/hallen, vil me kunna sette inn alt me har av laust utstyr.

I tillegg kan me nytta bygget til å stå under tak når det skal utførast nødvendig vedlikehald på tinga. Det vil òg kunna nyttast til mellomlagring av ved, før den går ut til kunde.

Me har òg behov for litt ekstra plass då kjeinga starter, då me må ta inn geitene så ikkje rev og andre rovdyr tek kjea før dei er store nok til å klare seg sjølv.

Me har tenkt lenge på kor på garden me kan plassere dette bygget, og med utfordringer av bratt terreng, må den beste plassen være der som me no har teikna inn bygget i situasjonsplanen.

Denne plassen er fjell, og ikkje egna til dyrking av gras/åker. Plassen blir brukt til lagringsplass av maskiner og utstyr i dag også. Det går derfor ikkje ut over noko grønt areal.

Med litt tilkjørt stein vil me kunna få ferdig grunnflata.

Håper dykk ser utfordringane våre, og vil gje oss ei positiv tilbakemelding!

Vefjell 10.06.2022

Vefjell Gard

Anne og Jan-Morten Eikemo

